

## **Saksprotokoll 09.-10.06.2020 - fylkestinget**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.
2. Planen bør ha vekt på
  - a. bruk av skulebiblioteket som pedagogisk ressurs for den enkelte skule
  - b. skulebiblioteket som studieverkstad og arena for arbeid under rettleiing
  - c. samarbeid mellom skulebibliotek og kommunale bibliotek
  - d. potensialet for skulebiblioteket som arena for demokrati og danning
  - e. moglegheiter som ligg i digital teknologi når det gjeld utlån og formidling
3. Planen må vise korleis ein kan ivareta koordinering, kompetanseutvikling og nettverksarbeid for utvikling av biblioteknester i Vestland fylkeskommune
4. Planen må peike på samla ressursbehov og korleis tenesta kan finansierast utanfor skulen sitt budsjett
5. Fylkesrådmannen organiserer planarbeidet i avdeling kultur, idrett og inkludering og avdeling opplæring og kompetanse. I planprosessen skal skular, elevar og bibliotekpersonale involverast.
6. I det vidare arbeidet med planen ber fylkestinget rådmannen vurdere korleis skulebiblioteka kan inngå i open-skule-prinsippet, jfr. RS 14/20 i hovudutval for opplæring og kompetanse.
7. Arbeidet med strategi for utvikling av skulebibliotek i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune bør sjåst i sammenheng med arbeidet som er i gang med eit mål- og strategidokument for vidaregåande utdanning i Vestland fylke.